
Fra: Monika Soltveit Gabrielli
Sendt: 11. april 2016 14:53
Til: RA-Eldreråd 2016-2019
Emne: SV: Innspel til intensjonsavtalane

Følgjande punkt vart løfta fram i møtet:

Dersom ein i framtida vurderer oppretta avdelingar med spisskompetanse på dei ulike sjukeheimane rundt i storkommunen, må dette gjerast i ein open prosess der ulike brukargrupper og tilsette på alle nivå får vera med.

Ein må arbeida aktivt for å behalda tannhelsetenesta i Radøy kommune.

Ein er positiv til ei sentralisering av barnevernstenesta. Dette er ei teneste som ein ser at med fordel kan forvaltast i ei større eining der ein kan unngå for tette relasjonar mellom familiar og sakshandsamarar.

Det er viktig at brukarar kan få hjelp til somme tenester av eit sørivistorg i kommunen. Å få hjelp lokalt, ansikt til ansikt, er særleg viktig for dei eldre med mindre tilgang og kjennskap til hjelp på internett. Det er særleg viktig at ein har sørivistorg lokalt som kan gje hjelp til banktenester i ein overgangsperiode etter bankfilialar er nedlagte.

Det må vera lik eigedomsskatt frå dag ein etter ei kommunesamanslåing. Ein vil med andre ord ikkje ha 12 mnd. "oppseiingstid".

Hørselskontakt og fysioterapi må reknast som ein del av helsetilboda som er nemnde i punkt 7 i internsjonsavtalane, og dermed oppretthaldast slik dei er i dag i kommunen.